



---

**Referat frå møte i UKS den 26.08.2011**

---

**Tilstades: Jørn Håvard, June Katrin, Marie, Andreas L, May Britt, Åse Kristin, Andreas B**

---

**Forfall: Roy André, Thomas, Kjetil, Stina, Stig Ove**

---

**Sakliste:**

**1) Konstituering**

Val av leiar og nestleiar vart utsett til neste møte på grunn av låg møtedeltaking.

**2) Permisjonssøknad**

Kristina Naas søker om permisjon frå UKS på grunn av studiar i Spania. June Katrin Strand Husøy har sagt seg villig til å overta plassen. Permisjonar er ikkje omtalt i retningslinene til UKS og søknaden vart difor handsama som ordinær sak.

Vedtak: Kristina sin søknad vert imøtekommen og June Katrin samrøystes vald som erstattar.

**3) Kommuneplan – samfunnsdelen**

Vi gjekk punktvis gjennom Samfunnsdelen av kommuneplana. Då dette er ein høyringsuttale, ligg dette ved som vedlegg til referatet, og blir vidare sendt Sandøy kommunestyre.

**4) Status for arbeidet med Kvalen**

- Opningdato for Kvalen blir 23. september.
- Det blir bandweekend helga etterpå. Meir info på facebook.
- Kvalstyret: Ein vil reetablere kvalstyret i mindre format, også for å sleppe at alle saker må gå via UKS. Det nye styret blir samansett av representantar frå vaktgruppa, jobbegjengen, Espen og Åse Kristin frå UKS.
- Espen arbeider med belysning/elektrisk for å få det litt koselegare i tvkroken og på filmrommet.
- Det har vore gjennomført to dugnader i sommar. Den første kor vi kasta skrot og kasserte biljardbord og airhockey. Den andre fekk vi rydda og montert nye biljard- og airhockeybord. Bra innsats!
- Alt det andre utstyret er handla inn og delvis montert.
- Alt skal vere klart til den 23. september.

